



**Jobbnorge ID:** 159857

**Deadline:** 11/15/2018

**Website:** <http://www.nhh.no>

**Scope:** Fulltime

**Duration:** Temporary

Er du omgjengeleg, løysingsorientert og har stor gjennomføringsevne?

## Konsulent

### Om avdelinga og stillinga

Ved NHH er det ledig eit vikariat i hundre prosent stilling som konsulent i perioden 02.01.2019 - 31.03.2020. Stillinga er plassert ved Institutt for føretaksøkonomi. Den som blir tilsett vil delta aktivt i den daglege drifta av instituttet. Det betyr mellom anna mykje intern og ekstern kontakt.

Institutt for føretaksøkonomi er eit av dei store institutta ved NHH med nærare 80 tilsette i faste og midlertidige stillingar, ei rekke gjesteforskarar og ein instituttadministrasjon på fem personer totalt.

Vi søker etter en omgjengeleg medarbeidar med god gjennomføringsevne som er serviceinnstilt og løysingsorientert og som trivst i et travelt arbeidsmiljø, der fleire oppgåver ofte må handsamast samtidig.

### Hovudansvar og oppgåver

- Inngåande- og utgåande faktura, reiserekningar og andre refusjonar
- Budsjett- og rekneskapsoppfølging ved seminar og arrangement
- Koordinere og følge opp fondssøknader
- Organisere instituttseminar, -arrangement og disputasar
- Legge til rette for møter
- Utvikle og halde ved like diverse lister og oversikter
- Bestille IT-utstyr til tilsette
- Administrativ støtte til vitskapeleg stab
- Andre administrative oppgåver knytt til instituttet

### Kvalifikasjonskrav

- 1-2 års utdanning utover vidaregåande skole og relevant arbeidserfaring. Relevant realkompetanse kan erstatte utdanningskravet
- Erfaring med relevante økonomioppgåver
- Gode ferdigheter i og erfaring med bruk av digitale administrasjons- og økonomisystem
- God kunnskap om Microsoft Office-programvare
- God kommunikasjonsevne, både skriftleg og munnleg på norsk og engelsk

Det er ei føremon om du har:

- Kjennskap til digitale verktøy som vert brukt av NHH, som Basware, Agresso og P360
- Kjennskap til universitets- og høgskolesektoren
- Kjennskap til staten sin kontoplan og reglar for utbetaling (reiseregulativ og liknande)
- Erfaring med planlegging og gjennomføring av mindre og mellomstore arrangement
- Erfaring med å jobbe i et internasjonalt miljø

### Personlege eigenskapar

- Fleksibel med evne til å jobbe sjølvstendig så vel som i team
- Strukturert, pliktoppfyllande og målretta
- Serviceinnstilt og omgjengeleg
- Gode kommunikasjons- og samarbeidsevner
- Evne til å handsame fleire oppgåver samtidig i en travel kvardag med mange forstyringar

### NHH tilbyr

- Varierte utfordringar
- Gode utviklingsmoglegheiter
- Eit godt arbeidsmiljø med dyktige kollegaer
- Fleksibel arbeidstidsordning

- Gode forsiknings-, pensjons- og låneordninger i Statens pensjonskasse
- Velferdsgoder som subsidiert trening, bedriftshytte og gratis parkering

Stillinga har kode 1065 - konsulent og er løna etter regulativet til staten med kr 391 400 - 428 100 per år avhengig av kvalifikasjonar. For særlig kvalifiserte søkjarar kan høgare løn bli vurdert. Eit innskott på to prosent til Statens pensjonskasse blir trekt frå løna.

## Generell informasjon

NHH som statleg arbeidsgjevar legg vekt på mangfald. Vi oppmodar alle som er kvalifiserte til å søkje stillinga utan omsyn til kjønn, alder, funksjonshemming eller kulturelle bakgrunn.

Vi gjer merksam på at opplysningar om søkjarar kan bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bede om å bli unnateken frå søkjarlista. Søkjarar vil bli informerte om dette på førehand.

Dersom du ønskjer meir informasjon om stillinga, ta kontakt med administrasjonssjef Kristin Reichel Teigland, kristin.reichel.teigland@nhh.no tlf. 55 95 94 31.

Søknadsfrist: 15.11.2018.

## NHH

Handelshøgskole (NHH) er mellom dei leiande handelshøgskolane i Europa. NHH har eit internasjonalt akta forskingsmiljø og er førstevalet for studentar som skal ta økonomisk-administrativ utdanning i Noreg.

I tett samspel med næringslivet og forvaltninga utviklar vi ny kunnskap og skaper verdiar for ei berekraftig framtid. NHH har ein internasjonal profil og samarbeider med 170 universitet og handelshøgskular i meir enn 50 land. Vi har 3400 studentar og 400 tilsette.

## Additional information

### Place of service:

Helleveien 30 5045 Bergen (Bergen Municipality)